

Utviklingsstipend

Hordaland fylkeskommune deler kvart år ut utviklingsstipend til unge trenarar, leiarar, utøvarar og dommarar.

Søknadsfrist 1. oktober

Føremål

Målet med stipenda er å gje mottakarane høve til å vidareutvikle seg innan den aktuelle idrettsgreina og vere ei stimulans til vidare satsing.

Omfang

Hordaland fylkeskommune tildeler fem utviklingsstipend innan idrett, kvart på 25.000,- Stipenda kan tildelast utøvarar, trenarar, leiarar og dommar frå Hordaland som markerer seg med gode nasjonale og internasjonale prestasjonar innan sin idrett . Ein person kan berre motta stipendet ein gong.

Kriterium

Ved tildeling av stipend vil desse kriteria verta lagde vekt på:

Idrettsprestasjonar

Potensiale

Planar for vidare satsing innan idrett

Aldersgrupper: Utøvarar: 16 – 25 år

Trenarar, leiarar og dommarar: 20 – 35 år

Utøvarar som får toppidrettsstipend frå OLT fell utanfor målgruppa.

Tildeling

Hordaland Idrettskrets/Olympiatoppen Vest-Norge gjev råd ved tildelinga.

Kultur- og ressursutvalet tildeler stipenda etter tilråding frå fylkesrådmannen.

Mottakaren skal innan påfølgjande år gje ein kort skriftleg rapport om korleis stipendet har vore nytta.

Vedteke av Kultur- og ressursutvalet

15.11.07

...

Stipendet vert delt ut til utøvarar, trenarar, leiarar og dommarar frå Hordaland som markerer seg med gode nasjonale og internasjonale prestasjonar innan sin idrett. Ein person kan berre motta stipendet ein gong.

Ved tildeling av stipend vil følgjande kriteria vektlagt: idrettsprestasjon, potensiale og planar for vidare satsing innan idrett. Stipendet vert delt ut til utøvarar som er mellom 16 og 25 år.

For trenarar, leiarar og dommarar er det ein føresetnad at alder er mellom 20 og 35 år. Innstilling vert gjort av Olympiatoppen region Vest-Norge, medan kultur- og ressursutvalet (Hordaland fylkeskommune) vedtek tildeling.

Førenamn	Karoline
Etternamn	Simpson-Larsen
Mobilnummer	47645632
Epostadresse	karolinesim@hotmail.com
Postadresse	Sigrid Undsets vei 62 A, 2624 Lillehammer
Skattekommune	Voss kommune
Søknad	<p>Eg, Karoline Simpson-Larsen, er 19 år og heldt på med langrenn. Eg går for vossaklubben Vargar IL og satser 100% på idretten min. Etter å ha gått tre år på Voss Gymnas har eg flytta til Lillehammer for å satse på ski og studere litt ved siden av, men eg vil fortsette å gå for Hordaland Skikrets og Vargar IL. I år har eg vore så heldig å bli tatt ut på juniorlandslaget i langrenn, og det har gitt meg masse ny motivasjon til å satse vidare. Eg legg utrolig mykje arbeid ned i idretten, og det går med både mykje tid og pengar til akkurat dette. Men dette er noko eg verkeleg elskar å drive med, og har absolutt ikkje tenkt å gje meg med det fyrste. Eit utviklingsstipend hadde derfor vore midt i blinken med tanke på at kunne ha utvikla meg vidare som langrennsløpar.</p> <p>Eg går inn i min siste sesong som junior, og målet er å kvalifisere meg til junior VM i starten av Februar. Ellers blir det å få gått gode Norges-Cup og NM-konkurranser, og kjempe om pallplasseringar. Sjølv om eg no heldt til på Østlandet vil eg og prøve å få med meg fleire kretsrenn i Hordaland. Me har også ei Norges-cup helg på Voss i vinter som eg gleder meg stort til, og håper eg kan vere i toppform der, og prestere på mitt beste på heimebane.</p> <p>Mine beste prestasjoner hittil er Nordisk gull på 5 km skøyting, samt sølv på stafett i den nordiske juniorlandskampen. I tillegg har eg fleire pallplasseringar i Norges-Cup renn. I år har eg gått mot dei som har vore eit år eldre, og da var 7 plass i NM min beste plassering.</p> <p>Vidare er det som sagt å gjere det veldig bra som siste års som junior, og satse vidare som senior. Målet for neste sesong er å komme inn på Veidekke Vest, også håper eg i framtida at eg kan leve av å vere langrennsløper på eit høgt internasjonalt nivå.</p> <p>Eit utviklingsstipend hadde hjulpet meg med satsinga vidare, og bidratt til at eg f.eks. slepp å jobbe ved siden av. I tillegg hadde det gjort</p>

	overgangen fra junior til senior lettere med tanke på at eg hadde fått mogelegheita til å gjere ting som eg ikkje har kunne gjort tidlegare. Sånn som f.eks. å reise på treningsleir til utlandet. Dette hadde vore ein fantastisk moglegheit til å utvikle meg vidare som langrennsløpar på.
--	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Kontaktpersonar:

Pia M. Andreassen: Olympiatoppen region Vest-Norge, tlf.: 98 45 92 00 og Hanne Espe:

hanne.espe@hfk.no, tlf.: 55 23 91 78